

Redgjørelse i forbindelse med søknad om tiltak – 1/14 seksjon 25 og 26.

I forbindelse med søknad om oppføring av fritidsbolig nr 24 og nr 27 på Porsholmen blei det bedt om om ein redgjørelse på korleis ein skal sikre at bygningsdelar og vedlikehald ikkje går utover område regulert til fellesareal. Legg ved same redgjørelse til søknad for seksjon 25 og 26 også.

Porsholmen Sameie er eit seksjonert sameige der utnyttelse og bruk er regulert gjennom eigarseksjonsloven og vedteke vedtekter i tillegg til bestemmelsar i reguleringsplan.

Utforming og plassering av begge fritidsboliger er slik at det ikkje er nokon bygningsdelar som vil gå inn på fellesareal. Inngangspartia er inntrekt i bygningskroppen og utandørsplanen for heile holmen er lagt opp med opparbeidelse av brygger og fellesareal med kotehøgder slik at det ikkje er behov for trapper nokon stad, kun enkle trinn som for samtlege einingar ligg og vil ligge innafor formålet til fritidsbebyggelse.

Plattingar (terrasser?) og brygger på fellesareal er felles privat eigedom og er ikkje tilknytta den enkelte seksjon på anna måte enn i bruken som er regulert av lovverk og vedtekter. I tillegg er deler av Porsholmen regulert for allment open tilgjengelegheit. Dette gjeld areal f_UTE1 + område for lek og bading samt dei ytterste 2 metrane på brygger rundt heile holmen, detter er areal som skal vere opne for allmenn ferdsel og er også tatt med som tilsvarande punkt i vedtekter som regulerer bruken av areala på Porsholmen.

Angående vedlikehald (utvendig) så er det i eit sameige; sameigets ansvar og det er ingen begrensningar i bruk av fellesarealer i lovverk eller regulering som begrensar ein forholdsmessig bruk av fellesareala til eksempelvis bruk av areal til å gjennomføre vedlikehald. I reguleringsplanen er det i §19 for arealområde f_UTE1 angitt at det ikkje er tillatt med lagring av båter, fiskeutstyr, fritidsutstyr osv og at det heller ikkje skal brukes til båtvedlikehold eller annet arbeid med båt.